

**Fylkesordføreren gir slikt svar:**

Operatør av aktuell båtrute har stadfesta at dei ikkje ønsker å opna opp for plassreservasjon for reisande med ungdomsbillett grunna problematikk med no-show. Dette betyr at p.t har ikkje Skyss ei ordning for plassreservasjon for kundar med ungdomsbillett på nettokontraktar på båt. Dersom Skyss pålegg operatør å opna opp for dette kan det medføra kompensasjonskrav.

Når det gjeld bruttokontraktar på båt jobbar Skyss no med å utarbeide ein kravspesifikasjon for ei slik løysing. Målet er ei løysing som kan vere integrert med Skyss sitt billettsystem og som vil gi tilgang på plassreservasjon for både ungdommar og andre kundar som reiser med båt i Vestland. Når arbeidet med å spesifisere løysing er avslutta og utviklingskostnader er kartlagt, vil Skyss ha meir informasjon om når ein løysing for plassreservasjon eventuelt kan verte lansert.